

# 50 år med kamp for skeive sine rettar

SV



# SV - ein kompromisslaus forkjempar for skeive sine rettar

SV fyller 50 år i år, og like lenge har vi kjempa for rettane til skeive. SV-arar kjempa for fjerning av forbodet mot homoseksualitet i 1972. SV har gått føre i kampen for partnerskapslov og felles ekteskapslov, og vi har gått i bresjen for like rettar, avdiagnostisering, diskrimineringsvern og retten til å endre juridisk kjønn.

Rettane er under press verda over. Motstandarane våre er meir aggressive og hatkriminaliteten aukar. I Noreg ser vi forslag om å forby Rosa Kompetanse og forbod mot regnbogeflagg på skular. Globalt ser vi at skeive generelt, og transpersonar spesielt, blir hardt ramma når autoritære leiarar får makt.

SV er ein kompromisslaus forkjempar for rettane til skeive, både i Noreg og globalt. Vi vil aldri godta at rettane til skeive blir forhandla bort.

## SV vil mellom anna:

- ta opp kampen mot diskriminering, vald og trakassering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk
- auke støtta til norske og internasjonale organisasjonar som jobbar med å styrkje skeive minoritetar sine rettar og livssituasjon
- innføre ein tredje juridisk kjønnskategori
- gi transpersonar eit verdig helsetilbod og sørgje for at dei nasjonale faglege retningslinene for kjønnsinkongruens blir følgd
- styrkje innsatsen frå politiet mot hatkriminalitet og diskriminering av skeive

Les meir om vår LHBTIQ+-politikk her:



**Sosialistisk Venstreparti**

Møllergata 4, 0179 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn  
i SV her:

